



## Notat

Dato: 26.06.2014  
Arkivsak: 2014/15993-3  
Saksbehandlar: anjsetr

---

Til: Einar Aalen Hunsager  
Frå: Anja Nordvik Sætre

---

### **Innspel kulturminne - Høring - Søknad om bygging av Skytjedal pumpe - Simavassdraget - Eidfjord kommune**

Til vedtak:

- Tiltaket er ikkje i konflikt med automatisk freda kulturminne.

#### Vurdering og tilråding

Hordland fylkeskommune har vurdert tiltaket regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

I søknadsrunden varsla vi at tiltaket ville kome i konflikt med eit automatisk freda kulturminne, Bispevegen, med ID 108349. Dette er ein kjend ferdelsveg som var registrert forut for våre registreringar i området og lagt inn i Riksantikvaren sin database for kulturminne, Askeladden. Under våre registreringer ble det ikkje gjort eintydige spor etter ferdelsvegen i området som omfattast av tiltaket. Etter vår kulturminnefaglege vurdering og i samråd med Riksantikvaren har vi endra vernestatus i Riksantikvarens database for automatisk freda kulturminne på det strekket av Bispevegen som fell innafor det registrerte tiltaksområdet frå *automatisk freda* til *ikkje freda*.

Tiltak knytt til bygging av Skytjedal pumpe er dermed ikkje i konflikt med automatisk freda kulturminne.